

## FoU-prosjekt styrker innovasjon og verdiskaping i Møre og Romsdal

I 2025 bidrog Møre og Romsdal fylkeskommune til å løfte forskningsbasert innovasjon i næringslivet. Gjennom ordningane i Regional forskningsfinansiering fekk 35 bedriftsprojekt støtte, med ei samla ramme på 21,5 mill. kroner. Midlane har samtidig utløyst over 30 mill. kroner i privat kapital og eigeninnsats. Arbeidet er forankra i Fylkesstrategi for forskning og innovasjon 2025–2028, med hovudmål om auka bruk av forskning og innovasjon i Møre og Romsdal.

PUBLISERT 19. FEB. 2026



# REGIONALE FORSKINGSFOND

---

## MØRE OG ROMSDAL

Eigne kompetansemeklarar frå næringshagar og innovasjonsselskap rettleia i løpet av fjoråret 84 bedrifter i arbeidet med systematisk og forskningsbasert innovasjon. Det resulterte i fleire projektsøknader til virkemiddelapparatet der 35 fekk støtte frå Regional forskningsfinansiering. Dei regionale midlane eignar seg i tidlege fasar av innovasjonsløp og er ofte starten på projekt som blir vidareførte med støtte frå nasjonale og internasjonale verkemiddel, med auka verdiskaping som resultat.

– Næringslivet vårt er svoltne på ny kunnskap. Dei midlane vi forvaltar bidreg til reell verdiskaping, innovasjon og eit meir kunnskapsbasert næringsliv, seier næringsjef Hilde Aspås i Møre og Romsdal fylkeskommune.

Ho peikar vidare på at - eit koordinert samarbeid mellom fylkeskommunen, Forskningsrådet, Innovasjon Norge, næringshagane, innovasjonsselskapa og FoU-institusjonane, er avgjerande for å lukkast med arbeidet.

Tre døme på projekt som fekk støtte i 2025:

- AI for tryggare infrastruktur (Sensnet Analytics AS) – utviklar algoritmar for å avdekke feil og sabotasje i straumnett og annan kritisk infrastruktur.
- Betre fiskehelse i torscooppdrett (Ode AS) – etablerer ein cellemodell for å forstå tarmlidingar hos oppdrettstorsk som kan gi betre fiskevelferd og auka lønnsemd.
- Sirkuler produksjon av mikroalger (Tjeldbergodden Utvikling AS) – nyttar CO<sub>2</sub> og overskotsvarme frå nærliggande industri til å produsere næringsrike mikroalger til fiskefôr.

Løyvinga til Regional forskningsfinansiering kjem frå Kommunal og distriksdepartementet og fylkeskommunen. Satsinga held fram i 2026.

Meldinger ved utskriftstidspunkt 22. juni 2026, kl. 02.08 CEST

Det ble ikke vist noen globale meldinger eller andre viktige meldinger da dette dokumentet ble skrevet ut.